

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 48/2007

Møtedato: 4.7.07

Arkiv nr: S 826

S 826, Krististølen – avtale om vasskjelde

Fjellstyret har motteke klage frå tidlegare stølsbrukar til S 818, Henny Johnsrud, om opparbeiding av vasskjelde til S 826. Brukaren av S 826, Kjell Håvard Tuv, har sett ned ringar og lagt vassleidning ned til stølen. S 818 har vasskjelde ved sidan av og Johnsrud hevdar ein får stor ulempe av tiltaket.

Johnsrud har overdrege garden til Laila og Trygve Rogne. Tidlegare stølsbrukar har ingen klagerett i slike saker.

Det er ikkje gjort skriftleg avtale med Statskog om rett til vasskjelde for S 826. Søkjaren ynskjer ei slik avtale.

Fjellstyret og Statskog såg på saka saman med partane under befarig 2005.

Vedtak:

Ut frå plassering i terrenget kan ikkje fjellstyret sjå at vasskjelda til S 826 kjem i konflikt med vasskjelda til S 818. Fjellstyret vil derfor tilrå at det blir oppretta avtale der det blir gjeve rett til vasskjelde og vassleidning til S 826.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 5.7.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Kjell Håvard Tuv
Laila og Trygve Rogne
Henny Johnsrud